



Nr.4 (Oktober) 1993.

Paraguayposten.

Så skriv me den 12, oktober og eg skal skriva ein ny Paraguayposten. Tredje kvartal av dette året er over. Snart er me over i 1994. Det vil seia at me er omlag halvvegs i prosjekttida no.Me er inne i ein avgjerande fase i arbeidet.

Men først: Takk for alle gode helsingar og samtalar med dei av deko som me trefte då me var heime i Noreg sist sommar. Ein opplevelse for oss å få sommarferie heime på Vangsnes. Og fekk møta så mange, både medarbeidarar heime og andre misjonerar på "Sommarseminar om bistand og prosjektarbeid" i Salem, Grorud 16. juli. Takk til alle saman! Først

og fremst til Gud sjølv som laga det slik. Må han framleis bevare deko alle, og oss her ute..... Me prioriterte familien dei vekene. No er tre av borna att der: Bjørn Inge, Maria Synnøve og Unni Irene. To er med oss ut her, eller rettare: Tre. Gunstein Martin tek siste året på skulen (9,klasse), Gunn Randi jobbar på barneheimen i Ypacarai som ein del av studiet sitt ved DH i Volda (ho skal vera her til nyår omlag) og så mannen hennar, Jan Terje. Han hjelper oss med praktisk arbeid både her i Caacupe og i Paso Cadena for tida.



Eg sende ein PARAGUAYPOSTEN der eg hadde med informasjon om dei to første månadane i andre kvartal. No vert det derfor teke med informasjon frå Paso Cadena frå mai til ut september. Lat meg derfor først ta rapportane frå medarbeidarane våre:

SKULEN.

Skuleåret for indianarskulane sluttar ved utgang oktober, over ein måned før dei andre skulane her i landet. Framleis har me omlag 90 elevar som er trufaste.

Lærarane er dei same: Noel, Sebastian, Eulalio og Rosa. Den siste er skulestyraren. Ho skriv slik i rapporten sin: "No har me teke i bruk det som har vorte skaffa av nytt dette året. (Ho tenkjer då på det som er bygt på). Det er kjøpt inn eit skrivebord til kateter i kvart klasserom og til styrarrommet, to bokskåp, til kjøkenet bord med 6 stolar, skåp og diverse kjøkenutstyr m.m. Hovedbygget har fått elektrisk lys".

Skulehagen er i full "blomst". Ein heil del av borna har kjøkenhage heime. Ofte saman med mora.

JORDBRUKSHJELPA. Det er agronomen som står for opplæringa av elevane i skulehagen. Han let vel, og interessa er stor. Han har mellom anna sått av frø av "yerba mate" for seinare bruk i agro-forestry.

Frø som me fekk tilbake frå dei som fekk frø av oss, har vort behandla og er klare til å gjevast vidare til andre som vil ha frø. Ein del, som vart for mykje, vart selt i Ciudad del Este.

Men mange av dei som har fått hjelp, held ikkje sin del slik avtalen var. Dei vil ikkje få meir hjelp før dei har gjort opp for det dei har fått.

Dei fleste i koloniane arbeider på Margarita (hjá brasilianske innvandrarar). Dei tek då ut varer på forskot og mange har sett seg i stor skuld. Dei får ikkje stelt åkrane sine slik dei burde. Den daglege vesle inntekta arbeidet gjev, vert prioritert høgare enn å ha ein åker som kan syta for mat til

dagen for dei heime... Me har ikkje fått endra dette.

SJUKESTELLET. Henny Marie Rasmussen har reist heim i dette siste kvartalet. Me er stor takk skuldige. Mange fekk hjelp gjennom den tenesta ho utførde den tida ho var der oppe.

Miriam er no åleine med sjukearbeidet. Det har vore arbeid som normalt. Stadig reiser ein ut med mange sjuke som ein ikkje veit korleis ein best kan hjelpa, eller som er så alvorleg sjuke at ein ikkje kan hjelpa dei i Paso Cadena.

Eit stort problem stadig er at mange ikkje betalar. Planen er at folk litt etter litt skal læra seg til å betala for tenestene, slik dei må gjera når misjonen er borte.

Etter planen skal me slutta av arbeidet i Paso Cadena ved utgang 1996, for å kunne gå til nye stader der trongen for hjelp er større.



OVERDRAGINGA. Det har vore kontakt med helsedepartementet og undervisningsdepartementet og kontaktane har vore positive.

Jakobs brev 4,5-7. Med denne helsinga frå forstandaren i Jerusalem, vil me slutta av den ^vParaguayposten. Arbeidet går som normalt. **Men sjukepleiaren og mannen har gjeve signal på at dei vil slutta i Paso Cadena til nyttår.** Det gjer at me stiller for Gud med eit stadig spørsmål: Kva planar har du no, Gud? Me vil venta på Han uten å verta motlause. Og me vil leita etter dei som Han har planlagt skal overta. Be med oss om dette..... Be og spesielt for indianarane i denne tida!

Med beste helsingar frå oss alle, både medarbeidarane i Paso, og oss "husfolket".

Studenthjelpa

Ein av gutane fekk ein alvorleg stafylokokkinfeksjon dette kvartalet. Hadde han ikkje kome så fort til sjukehus, hadde han døytt for oss. Han fekk ikkje ta eksamen, men skal få prøva i februar. Om ikkje han greier eksamen, skal me lata han ta heile året om att. To av dei andre elevane strauk i eitt eller fleire fag, og får også ein ny sjangse i februar. Om ikkje må dei heim att.

Frå skulen har me fått 3 nye kandidatar som me har som planar å hjelpa. To gutar og ei jente. Ein gut som var ferdig med "basico", dvs. tilsv. 9. klasse, vil over på hjelpepleiestudiet. Vonar det går i orden. Han som skal opp i siste gymnasklasse, snakkar om å verta lærar.

Sjukepleieeleven vår strauk (i år også), og skulen har gjeve oss skriftleg melding om dette. Dei vil ikkje gjeva han fleire sjangsar. Det han strauk i, var praktisk sjukepleie. Dei kan ikkje lita på han, seier dei, og vil ikkje ta ansvaret med å ha han lenger. (Hadde møte med han og foreldra på nyåret, og tilhøvet han hadde til prosjektet, er avslutta).

Caacupe den 24. januar 1994.

Inge Bjørnevoll.